

**PÅ SOMMARLEIR:** Emma Bratthammer (t.v.) og Kristina Hauglid deltok på sommarleir i karate. FOTO: LEIF ARNE KJÆRLAND

# Karate-kids fra Stord

Stordjentene Emma Bratthammer (9) og Kristina Hauglid (10) draumer om svart belte i karate ein gong i framtida.

Tekst: RUNAR ØVREBØ

**KARATE:** – Eg har øvd på forskjellig katabevegelsar og mønster) og håper på å ta oransje belte, seier Emma Bratthammer.

Saman med venninna og 350 andre deltek dei på sommarleiren som Stord Karateklubb er vertskap for.

– På blått belte begynne alvoret. Då er det kamp. No øver vi mest på bevegelsar, seier Kristina Hauglid. 10-åringen har vore med i eit halvt år.

Målet til Kristina er gult belte.

– Det skal eg klare.

Er trenarane strenge?

– Ein av dei, men eg vil ikkje røpe kven. Tullar vi blir det ti armhevingar, kjem det kjapt frå Emma.

Som ladar opp til gradering med å møte nye venner og til å lære meir om karate

**«Dette er topp»**
Geir Arild Larsen

## Topp trenarkrefter

Berre det beste er godt nok når Stord har sin femtande strake sommarleir. Frå Japan kjem Osaka med 8 dan og Ohta frå London med 7 dan. Begge høgt meditерte trenar i karateverda.

Men ein treng ikkje å vere japanar for å bli topp karateutøvar. Her i Noreg er det Geir Arild Larsen som er høgaste ranka med sine 6 dan. På Stord styrte han treningane med bestemt men vennleg hand.

Larsen frå Lura Karateklubb delte villig vekk og sprudla av entusiasme då han møtte Haugesunds Avis.

## God reklame

– Dette er topp. 6-åringar som trener side ved side av ein 60-åring. Vi gir dei nye impulsar og så er det heim for å trene meir, seier Larsen. Karatemiljøet i Noreg er i vekst. I dag er medlemstalet over 2.000 og i jamn stigning.

– Karate Kid og Bruce Willis filmar gir oss ofte god reklame. Men då må det være moral og etikk. Rein dreping slår berre negativt ut, seier Geir Arild Larsen, som skal gjennom fire tette dagar med karate på Stord.

Kvifor karate?

– Vi er den einaste kampsporten med eigen skule og som er godkjent akademisk. Vi er seriøse og satsar mykje på å skape fellesskap og god skulering, sluttar Geir Arild Larsen.